

PRESSEMELDING

16. august 2007

Hellesøy Verft A/S, Løfallstrand, har fått stadfesta kontrakt på supplybåt nr. 3 til Austevoll-rederiet **Solvik Offshore III K/S i Torangsvåg** som er eit søsterselskap i Solvik Offshore-Gruppen.

Dermed har Hellesøy Verft A/S fått klarert opsjonen på båt nr. 3. Ved Hellesøy Verft A/S er det stor glede over det gode samarbeidet med Solvik Offshore-Gruppen og den gjensidige tilliten som vert realisert med nybygg av supply-skip.

Skipet, som får Hellesøy sitt b.nr 146, er av type VS 485 PSV, teikna av konsulentfirmaet Vik-Sandvik A/S, Fitjar. Lengde er 85 m, breidde 20 m og dødvekttonnasje er på 4900 tdw. Også dette skroget skal byggjast ved Istanbul Shipyard, og vil koma til Løfallstrand i januar 2009. Skipet skal leverast frå Hellesøy i august 2009. I tillegg er det inngått opsjonsavtale mellom Hellesøy Verft A/S og Solvik Offshore-Gruppen på eit fjerde og femte skip for levering i mars 2010 og november 2010.

Dermed er nok eit langsiktig oppdrag på plass for Hellesøy Verft A/S på Løfallstrand. Det vert sett i ordre store utstyrs-og underleveransar i Sunnhordland i tida framover, og ringverknadane vert positive for heile regionen.

Med venleg helsing

Hellesøy Verft A/S
5474 Løfallstrand

Thorleif J. Hellesøy
-styreformann-
Tlf 53 48 02 77
Mob 905 80795

Solvik Offshore III K/S
5384 Torangsvåg

Tor Østervold
-reder-
Tlf 56 18 16 00
Mob 906 09158